

Tilskot til vaksenopplæring

- Retningslinjer -

Vestland fylkeskommune lyser ut tilskot til vaksenopplæring gjennom dei regionale studieverbundene i Vestland.

Føremål med ordninga

Ordninga skal stimulere til opplæringsverksemd gjennom dei regionale / fylkesvise studieverbundene og i medlemsorganisasjonane som er tilslutta studieverbundene.

Kven kan søke?

Studieverbundene sine regionale ledd i Vestland fylke kan søke om støtte gjennom ordninga. Det regionale leddet må vere tilslutta eit godkjent studieverbund på nasjonalt nivå for å kunne søke om støtte, jf. Lov om vaksenopplæring (LOV-2009-06-19-95). Studieverbundet sitt regionale ledd må ha gjennomført minst registrerte 500 studietimar to år i førevegen for å kunne søke om tilskot.

Søknadsfrist

Årleg søknadsfrist er 1. april. I 2020 er søknadsfristen 15. juni.

Utrekning av tilskot

Tilskotet er todelt gjennom eit grunntilskot på 5000 kr og eit aktivitetstilskot basert på registrerte studietimar. Fylkeskommunen legg studietimar registrert i Statistisk Sentralbyrå (SSB) to år i førevegen til grunn for utrekninga av tilskot.

Søknad, sakshandsaming og vedtak

Søknaden skal fremjast på elektronisk søknadsskjema via nettsidene til Vestland fylkeskommune. Søkjar skal legge ved budsjett for inneverande år og årsmøtegodkjent årsmelding og rekneskap for føregående år saman med søknaden.

Forvaltningslova ligg til grunn for all søknadshandsaming i Vestland fylkeskommune. Alle søknader er i utgangspunktet offentleg tilgjengelege, jf. Forvaltningslova.

Vedtak som gjeld fordeling av midlane blir gjort administrativt av avdeling for kultur, idrett og inkludering, i tråd med retningslinjene.

Oppfølging, rapportering og kontroll

Tilskotet skal gå til studieverbundet si drift og verksemd i tilskotsåret. Mottakaren rapporterer for dei tildelte midlane innan 1. april påfølgjande år saman med ny søknad om tilskot. Organisasjonen sender inn årsmøtegodkjent årsmelding og rekneskap for det året støtta er innvilga saman med søknaden. Godkjent årsmelding og rekneskap er å sjå som rapport for bruken av tildelte midlar.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor kan setje i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor har rett til innsyn i dokument og opplysningar som er nødvendig knytt til kontrollen.

Klage

Vedtak kan klagast på etter Forvaltningslova §28, som omhandlar klagerett for part eller anna person med rettsleg klageinteresse ved einskildvedtak. Søkjar kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen søkjar tok imot melding om vedtaket.

Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.